

Til Kirkerådet

Fra sokneprest i Jølster, Silje Sørebo
Spesialprest for ungdom i Førde, Erling Nydal

Jølster, 1. sept 2016

Høyringsvar på ny vigselsturgi

1. Mener dere at liturgiforslagene (Ordning for vigsel og vigselsturgi og forbønsliturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par/) svarer godt til Kirkemøtets vedtak (KM sak 17/16)?

JA

2. Er dere enige i å kalle ordningen «Vigselordning for likekjønnede og ulikekjønnede par» / «Vigselordning for likekjønna og ulikekjønna par»? Gi eventuelt forslag til en annen benevnelse.

Liturgien bør heite «vigselordning 2017», eventuelt med undertekst som inneheld formuleringa «kjønnsnøytral ekteskapsliturgi». «Ulikekjønna par» er eit begrep verkar kunstig og konstruert.

3. Alminnelige bestemmelser (s 1-2).

Formuleringa «som skal verta ektevigde» bør endrast til «som skal verta vigde»

4. Den innledende teksten eller til punktene 1, 2 og 3 i forslaget til vigselsturgi for likekjønnede og ulikekjønnede par?

Støtter formuleringa

5. De *innledende* ordene under punkt 4 Skriftlesninger («Gud har skapt oss [...] stå ved hverandres side livet ut»)?

Formuleringa «Når to menneske vel å leva saman i ekteskap, stadfestar Gud denne sameininga med si velsigning» er for lik den gamle liturgien. Dette vert noko kunstig når Guds velsigning i den gamle ordninga sto i fortid og var noko som peika fram mot tekstene frå 1. Mos om samlivet mellom mann og kvinne og reproduksjon som eit resultat av dette. Her ville det vere betre å fri seg frå den gamle formuleringa og lage noko nytt. F.eks kunne ein av dei to formuleringane under kunne nyttast.

«Når to menneske vel å leva saman i ekteskap stadfestar vi denne sameininga ved å be om Guds velsigning.»

«Når to menneske vel å leva saman i ekteskap feirar vi denne sameininga for Guds andlet med Guds ord og bøn om velsigning.»

Den gamle formuleringa «Guds ord vitnar om ekteskapet at det er heilagt og ukrenkjande», må ikkje nødvendigvis tas ut, men det kjem jo an på korleis formuleringa står til tekstane som kjem etterpå. Det er viktig at vi i den nye liturgien vert ståande igjen med formuleringar som understrekar at intensjonen er det livslange forholdet.

6. Forslaget til to obligatoriske skriftlesningar og at disse skal være Sal 36,6-10 og 1 Joh 4,7-12? Angi eventuelle andre forslag til lesningar.

Joh 4,7-12 passar ikkje utan vidare inn i konteksten i ei vigsle. Den handlar om den meir generelle nestekjærleiken. Når han vert teken ut av sin kontekst som kristen nestekjærleik og vert sett inn i ein samlivskontekst forankrar vi kjærleiken på ein måte som ikkje alle vil kjenna seg att i (kvar den som elsker er fødd av Gud og kjenner Gud) og det kan misforståast slik at dei som ikkje lever saman med nokon, ikkje kjenner Gud (Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud). Dette er dessutan ein litt for langt tekst til å vere obligatorisk skriftlesing.

Sal 36, 6-10 kan vere ein god tekst, men eg saknar ein tekst som talar tydelegare inn i samlivskonteksten og tar opp tematikken med paktinngåing. Eg tenkjer at det hadde gått an å ha to valalternativ i denne innleiinga. Dei gamle tekstane i den obligatoriske skriftlesinga kunne blitt ståande som eitt valalternativ. Det andre alternativet kunne vore Høgsongen 8, 6-7a, som er ein tekst som tar opp alvoret og forpliktinga i paktinngåinga («set meg som eit segl på ditt hjarte...»). Etter høgsongen kunne det siste verset i teksten frå Matteus 19 lesast. Vår Herre Jesus Kristus seier : «Det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja.»

Eit anna alternativ kan vere å bruke utdrag frå 1 Kor 13. 1. Kor 13 handlar om kjærleikens vesen og set kjærleiken i relasjon til trua og håpet på ein måte som også kan seiast inn i ein samlivskontekst. Men det er viktig at dei innleiande tekstane ikkje vert for lange.

Innleiinga til vidare tekstlesning bør vere lik den gamle formulering: «lat oss høyre vidare frå Guds ord» og ikkje « Lat oss høyra kva Guds ord seier og kjærleik og truskap» Det er ikkje nødvendig å seie kva tekstene handlar om. Dei kan tale for seg sjølve. Brudeparet bør jo også kunne vere fri til å velje bibeltekstar som betyr noko for seg utan at dette er tekster som talar veldig direkte om kjærleik.

Vennleg helsing

Silje Sørebo

og

Erling Nydal